

Carsten Tank-Nielsen - i farfaren sine fotspor.

24.09.2016



Stemneplassen i Uskedalen er ein nyttig plass for informasjon om krigshendingne april 1940. Carsten Tank-Nielsen, her saman med Trond Ramsøy frå krigshistorisk gruppe i Kvinnherad sogelag.

Rapportar og kjelder frå Hardanger Sjøforsvarsavnitt om krigshendingane april 1940 syner at Uskedalen hadde ein langt meir sentral plass i det tyske overfallet enn det som har vore kjend før. Herøysundet og Uskedalen er viktige bygder for dei som søker detaljkunnskap og vil sjå plassane fysisk. Seinast i går kom Carsten Tank-Nielsen, barnebarn til kontreadmiralen med same namn, til Uskedalen og hadde møte og synfaring.

Det er nokre sentrale militære namn som går igjen i forsvaret av landet fram mot 9. april 1940. Ein av dei er kontreadmiral Carsten Tank-Nielsen, sjef for 2. sjøforsvarsavsnitt frå 1934 og frå 1939 også ansvarleg for Marienes nøytralitetsvakt på Vestlandet. Tank - Nielsen var ein uredde marineoffiser som vurderte situasjonen rett dei hektiske dagane før og etter 9. april. Han iverksette tiltak utan støtte frå overordna leining og vart 'sjukemeld' 16. april, sat ei tid på Grini før avgang ved aldergrense.

Tank.- Nielsen kom rett nok ikkje til Uskedalen i april 1940, men han var ein viktig person i alle strategisk leining og i samarbeidet mellom styrkane i Balestrand og Hardanger/Uskedalen.

Soneson til admiralen, Carsten Tank-Nielsen (same namn), kom frå Oslo til Uskedalen i går og hadde møte med den lokalhistoriske krigsgruppa i Kvinnherad sogelag. Det var eit nyttig møte med mellom anna å utveksla kunnskap og kjeldemateriale. Dette vert gjort for å få på plass dei brikkene som enno manglar i ei fullstending utgreiing om Hardangerfjord Sjøforsvarsavsnitt april 1940. Tank-Nielsen var godt nøgd med opphaldet i Uskedalen der det også var avsett tid til synfaring på strekninga Trones (Herøysundet) - Dimmelsvik.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal